



Arbeids- og sosialdepartementet

Dato: 05.02.2016
Vår ref.: 2015/11453-19
Saksbehandlar: adelan
Dykkar ref.:

Fagskulestudentar som blir permitterte eller arbeidsledige under utdanning

Styret for Fagskolane i Hordaland har vore uroa over situasjonen med studentar som kombinerer skule og jobb, og som blir permitterte eller arbeidsledige. Det er derfor gledeleg at departementet vil gjere ei forskriftsending slik at desse studentane kan få dagpengar dersom dei har starta ei utdanning før dei blei permitterte eller arbeidsledige.

Studentane som studerer på deltid eller har turnustilrettelagt utdanning ved sida av ordinært arbeid er i stor grad vaksne og etablerte studentar som ikkje har moglegheit til å fortsette utdanninga dersom dei ikkje kan få dagpengar frå NAV. Det er hovudsakleg studentar som tar utdanning innan olje- og gassrelatert sektor som står i fare for å måtte slutte i utdanninga om dei vert permitterte eller arbeidsledige. Til no har fagskulane registret om lag 20 studentar som har slutta på grunn av permitteringar eller oppseiingar. Moglegheita til å fullføre utdanninga kan gje denne studentgruppa den kompetansen dei treng for å kome raskare tilbake i arbeid, og er såleis eit viktig tiltak for å stimulera til sysselsetting.

Styret for Fagskolane i Hordaland håpar at dei føreslåtte endringane vert etablert raskt slik at fleire studentar får moglegheit til å fullføre utdanninga dei har starta på. Det er også ønskjeleg at endringane tek omsyn til studentar som har slutta og fortsatt er ledige.

Roald Kvamme
styreleiar

Adeline Berntsen Landro
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.